

## **VEDTEKTER FOR UNDERGRUPPER I STORD FITJAR TURLAG**

### **§1 Formål**

Undergruppene er ein del av Stord Fitjar Turlag og dei samordnar all sitt virke med hovudlaget. Alle undergruppene skal virke for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv på interesse- og særrområde for sine grupper, likevel koordinert og tilpassa den totale aktiviteten i tilknytning til Stord Fitjar Turlag sitt virke.

### **§2 Årsmelding**

Undergruppene er organisatorisk knytt opp til hovudlaget Stord Fitjar Turlag og rapporterer til styret.

Det skal ikkje haldast eige årsmøte for undergruppene, men gruppene skal lage eiga årsmelding med oversikt over status og aktivitet frå føregåande år. Årsmelding skal sendast til hovudstyret seinast 10. januar kvart år

Eige budsjett og gruppesaker utover det som er knytta til avtalt aktivitet i undergruppene vert sendt til Stord Fitjar Turlag sitt styre for handsaming. Eventuelle årsmøtesaker må sendast for handsaming på hovudlaget sitt ordinære årsmøte.

### **§3 Gruppestyre**

Undergruppene vert leia av eit eige oppnemnt gruppestyre.

Medlemskontingenten er som for alle medlemmene i Stord Fitjar Turlag.

Gruppestyret vert kalla inn av gruppas leiar eller av 2 gruppemedlemmer i fellesskap. Det skal skrivast referat frå gruppemøtene, med kopi til Stord Fitjar Turlag sitt styret.

Gruppestyret vert oppnemnd av styret i Stord Fitjar Turlag, og nytt gruppestyre skal oppnemnast seinast utgangen av februar kvart år.

Gruppestyret skal bestå av minimum 3 medlemmer, ein leiar, ein aktivitetsleiar og ein sekretær. Gruppestyret konstituerer seg sjølv etter oppnemning av styret i Stord Fitjar Turlag. Undergruppene kan tilpassa antall ordinære gruppemedlemmer utover dette.

Gruppemedlemmane vert oppnemnd for 2 år (med å nyoppnemne halvparten kvart år)

Undergruppene er ansvarleg ovanfor hovudstyret og organiserer seg sjølv. Leiar møter i lagets hovudstyre der representanten har talerett.

### **§4 Organisasjon og vedtekter**

Organisering, vedtekter og aktivitet i undergruppene er knytt opp til organisering og til vedtektene gjeldande for Stord Fitjar Turlag